

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 03.02.2025

Vår ref.: 202502473-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om fråvik frå manøvreringsreglementet for magasin Flågrunnsvatni i Lærdal kommune, Vestland

NVE har fått inn ein søknad frå Hywer AS på vegne av konsesjonær Østfold Energi AS om løyve til å fråvika manøvreringsreglementet for magasin Flågrunnsvatni, i samband med bygging av Gravdalen kraftverk.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er nødvendig. Søknaden om mellombels løyve blir derfor berre send på høyring til Lærdal kommune, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Villreinnemda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell.

Kva det vert søkt om

NVE har fått ein søknad frå Hywer AS på vegne av konsesjonær Østfold Energi AS, datert 24.01.2025, om løyve til å mellombels senke vasstand i ei avgrensa del av magasin Flågrunnsvatni til kote 1446,0. Magasin Flågrunnsvatni har HRV på kote 1473,3 og LRV på kote 1458,5. Dei søker om fråvik over to periodar: 1.3.2025-30.4.2025 og 1.3.2026-30.04.2026. Det er berre ein av dei alternative periodane som vert nytta.

Bakgrunn for søknaden om å senke vasstand i magasinet er for å utføre nødvendig tilkopling av Gravdalen kraftverk. Sjølve arbeidet vil ta inntil eit par veker, men då det kan vere krevjande vêrtilhøve i området søkast det om ein periode på 2 månadar.

Søknaden er vedlagt, og tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9572/V.

I samband med rehabilitering av dammen fekk Østfold Energi AS også i 2017 løyve til å mellombels senke vasstanden i Flågrunnsvatni til kote 1446,0.

Kva me ønskjer fråsegn om

NVE ønskjer tilbakemeldingar knytt til momenta i søknaden. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttala seg.



Slik sender du inn høyringsfråsegn

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til nve@nve.no, med kopi til akh@nve.no.
Merk e-post med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202503473 i emnefeltet.

Frist for innsending av høyringsfråsegn er:

18.02.2025

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i NVE sitt vedtak. Dersom uttalen er lang, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Ylva Bencze Rørå
fagleiar

Anne Karine Herland
seniorrådgiver

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

LÆRDAL KOMMUNE
Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

ØSTFOLD ENERGI AS
HYWER AS